



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Eyvin Søltnæs
Telefon: 57643135
E-post: fmsfes@fylkesmannen.no

Vår dato
25.09.2012
Dykkar dato
08.08.2012

Vår referanse
2012/3445 - 561
Dykkar referanse

Noregs vassdrags- og energidirektorat,

nve@nve.no

Ortnevikvassdraget (070.2Z), Høyanger kommune - fråsegn til søknad frå Småkraft AS om løyve til bygging av Trolleholselva kraftverk

Vi viser til oversending datert 8.8.2012.

Fylkesmannen har vurdert prosjektet til å vere til stor ulempe for allmenne interesser. Dette gjeld spesielt fordi utbyggingsområdet ligg i innfallsporten til Stølsheimen som nasjonalt friluftsområde og landskapsvernområde. Vi rår i frå at det vert gjeve konsesjon for reguleringa av Breidalselva. Reguleringa av Trolleholselva kan akseptast, med nokre justeringar. Inntaket i Trolleholselva bør flyttast noko nedstrøms for å redusere tap av INON. Vi tilrår vidare å flytte kraftverksavlaupet til ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk. Minstevassføringa bør minst vere på nivå med 5-persentilen høvesvis sommar og vinter av omsyn til biologisk mangfald, inkludert anadrom fisk dersom avlaupet ikkje vert flytta oppstrøms vandringshinderet, og landskaps- og friluftsiinteressene.

Bakgrunn

Småkraft AS søker om å få nytte eit fall på 135 m i Trolleholselva og Breidalselva i Ortnevikvassdraget til kraftproduksjon i Trolleholselva kraftverk. Inntaka er planlagd på kote 290, og kraftstasjonen på kote 155. Vassvegen på til saman ca. 1500 m er planlagd nedgrave. Om lag 1200 m veg må oppgraderas ovanfor kraftstasjonen og vil verte permanente vegar for drift og vedlikehald. Kraftverket vil med ein installert effekt på 2,7 MW etter planane gje ein årsproduksjonen på om lag 8,5 GWh. Utbygginga vil redusere vassføringa på totalt 1525 m elvestrekning, fordelt på 1050 m av Trolleholselva og 475 m av Breidalselva. Søknaden skal handsamast etter reglane i kap. 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8. Det er også søkt om løyve etter energilova for bygging og drift av Trolleholselva kraftverk med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftline.

Prosjektet vil gi eit positivt bidrag til å oppnå regjeringa si målsetjing om auke produksjonen av fornybar energi med 26,4 TWh i Noreg og Sverige.

Til søkjar opplyser vi at Fylkesmannen skal vurdere søknaden opp mot allmenne interesser, jf. § 8 i vassressurslova. Dette omfattar tema som naturmiljø, landskap, biologisk mangfald og friluftsliv. NVE har avgjerdsrett etter vassressurslova. Vidare vurderer vi søknaden etter lakse- og innlandsfiskelova og ureiningslova. Miljøverndepartementet har avgjerdsrett etter

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

ureiningslova når det gjeld uttak av vatn i samband med vasskraftutbygging. Det må søkjast særskilt til Fylkesmannen om utsleppsløyve for anleggsverksemd. Prinsipp og føringar frå naturmangfaldlova og vassforskrifta vert lagt til grunn ved handsaming og vurderingar/avgjerder etter særlovene. I tillegg vurderer vi landbruks- og beredskapsinteresser.

Miljøvernagleg vurderingar

Naturmiljø og biologisk mangfald

Det omsøkte prosjektet påverkar ikkje kjende viktige naturtypelokalitetar eller førekomstar av raudlisteartar, men området er heller ikkje undersøkt i felt i samband med naturtypekartlegginga i kommunen (omtalane i naturbasen er basert på eldre litteratur).

Undersøkinga som er gjort i dette prosjektet er ikkje tilstrekkeleg til å avklare om det kan vere raudlista artar i området som kan verte påverka av utbygginga. I lia ovanfor kraftlinjetraseen ligg eit større område med rik edellauvskog (verdi: svært viktig), men denne lokaliteten vil ikkje verte direkte påverka.

I følgje miljøutgreinga er tiltaket samla sett vurdert å ha en liten negativ verknad på biologisk mangfald, men denne konklusjonen er etter vårt syn gjort på eit litt tynt grunnlag. Redusert vassføring vil få konsekvens for insekt og fugl, særleg fossefall. Kunnskapen om fuglefaunaen er generelt låg, og det er ikkje gjennomført tilstrekkelege undersøkingar til å fastslå at fossefall ikkje hekkar langs elvestrekninga som vert påverka av ei ev. utbygging.

Ortnevikselva har ein bestand av sjøaure. Det finst også laks i vassdraget, men produksjonen har vore for sporadisk til at vassdraget har eigen laksebestand. Betre vasskvalitet dei seinare åra har truleg bidrege til at lakseproduksjonen i vassdraget har auka, og det kan vere ytterlegare potensial til økt produksjon av både laks og sjøaure i framtida.

Den planlagde reguleringa vil påverke den øvste delen av anadrom strekning (anslått i miljøutgreinga til om lag 2,5% av samla anadromt elveareal). Tidlegare fiskegranskingar viser at dei viktigaste produksjonsområda for anadrom fisk ligg nedanfor det planlagde kraftverksavlaupet, men etter vår vurdering har også strekninga ovanfor potensial som kan utløyseast om bestandane veks og tek i bruk heile vassdraget. I denne utgreinga er det gjennomført eit enkelt prøvefiske under vanskelege tilhøve (høg vassføring og stri straum), og strekningane er grovt bonitert opp til vandringshinderar. Vidare er det antatt at ei minstevassføring lik alminnelig lågvassføring vil vere tilstrekkelig til å sikre gyte- og oppveksttilhøva for fisk, og at konsekvensane av ei utbygging vert små.

Etter vår vurdering er det faglege grunnlaget for konklusjonane som gjeld konsekvensar og avbøtande tiltak for anadrom fisk for tynt, og vi meiner derfor føre-var-prinsippet i naturmangfaldlova § 9 må leggjast til grunn. Ut i frå vassføringskurvane er det få døgn med vassføring større enn slukeevna. Dette kan gjere det vanskeleg for oppvandrande fisk å nå eventuelle gyteområde. Vidare er det ikkje godt nok dokumentert at alminnelig lågvassføring vil vere tilstrekkeleg for å sikre produksjonen. Vi tilrår at kraftverkstavlaupet vert flytta ovanfor vandringshinderet. Dersom det likevel vert gjeve konsesjon til å etablere kraftverket som planlagt, bør minstevassføringa aukast vesentleg.

Det er planlagt å etablere omlaupsventil for å sikre kontinuerleg vassføring nedstraums kraftverket i tilfelle driftstans, men det bør også gjerast nødvendige tiltak for å unngå gassovermetting i avlaupsvatnet frå kraftstasjonen av omsyn til anadrom fisk.

Landskap, friluftsliv og inngrepsfrie naturområde (INON)

Inntaka i Trolleholselva og i Breidalselva ligg like nedafor grensa (kote 290 baa stader) for Stølsheimen landskapsvernområde. Formålet med landskapsvernområdet er først og fremst å ta vare på landskapet, medan friluftsliv er eit delformål. Konsekvensar for landskapsvernområdet er så langt vi kan sjå ikkje teke med i miljøutgreiinga. Det vil vere klart negativt for landskapsvernområdet å etablere inntaka heilt på grensa til verneområdet. Etter vårt syn er dette undervurdert utgreiinga.

I Trolleholet er det lite ferdsel (fotturistar). Breidalen er derimot hovudinnfallsport frå nord til det omkringliggende fjellområdet og landskapsvernområdet. Ferdsla er særleg stor om sommaren (juni – september), men det er også noko ferdsel i april-mai og i oktober. Det går ein T-merkt sti (Bergen Turlag) opp til Brydalsseter, som er ei sjølvbetjeningshytte i regi av Bergen Turlag. Stien opp Breidalen går like ved elva. I konsesjonssøknaden står det at «*i anleggsfasen vil inngrepene være relativt godt synlige for de som ferdes langs stien inn til Stølsheimen. Spesielt inngrepene langs Breidalselva (inntak og rørgate) vil være godt synlig frå stien. Inngrepene vil stedvis også berøre selve stien. I driftsfasen vil rørgatetrassen og skjæringer/fyllinger langs anleggsvegen revegeteres, og inngrepet blir gradvis mindre synlig*» (s. 22). Fylkesmannen meiner at konsekvensane for brukarinteressene/friluftsliv vil vere svært store negative i anleggsfasen og middels negative i driftsfasen for heile anlegget, men også store negative i driftsfasen for Breidalen.

Inntaket i Breidalen ser ut til å vere planlagt på nøyaktig same kote som grensemerket, og nedafor kote 290 renn elva delvis innafor landskapsvernområdet nesten ned til kote 270 (sjå vedlagde kart). Å fjerne vatn på denne strekinga vil vere i strid med verneforskrifta for Stølsheimen landskapsområde.

Det framgår av konsesjonssøknaden at eit alternativ med inntak berre i Trolleholselva har vore vurdert, men er forkasta undervegs i søknadsprosessen. Etter vårt syn vil eit slikt prosjekt vere langt meir tilpassa dei store landskapsverdiane i området, på grunn av dei store konfliktane ved å regulere Breidalselva. Minstevassføringa i Trolleholselva bør aukast til minst nivå for 5-persentil høvesvis sommar og vinter.

Kraftlina langs vegen til kraftverket vil verte uheldig for landskapsopplevinga på turen inn dalen. Vi føreset at traseen vert tilpassa landskapet på best mogleg måte.

Samla tap av inngrepsfrie naturområde er i miljøutgreiinga berekna til 0,47 km². Tap av villmarksprega område (> 5 km frå tyngre tekniske inngrep) utgjer 0,2 km². Dette tapet kan unngåast dersom inntaket i Trolleholselva vert flytta noko nedstrøms.

Ureining, vasskvalitet og støy

Vi ser det som lite sannsynleg at vasskvaliteten vil verte vesentleg endra av omsøkte tiltak etter ein ev. anleggsfase. Driftsfasen er etter vår vurdering difor lovleg etter ureiningslova. Dersom det viser seg at tiltaket fører til skadar eller ulemper ein ikkje er klar over eller har opplysningar om no, kan det verte aktuelt å vurdere tilhøvet til ureiningslova på nytt.

Tiltakshavar kan vidare verte erstatningspliktig for ev. skadar/ulemper som følgjer av tiltaket.

Ved ein ev. konsesjon må det leggjast vekt på støydempande tiltak knytt til ev. kraftstasjon. Støynivået bør halde seg innanfor tilrådde støygrenser i T-1442 "Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging". Jf. Punkt 3.1 "Anbefalte støygrenser ved planlegging av ny virksomhet eller bebyggelse" om støy frå industri m.v.

Miljøvernfareleg oppsummering og tilråding

Fylkesmannen vurderer at prosjektet vil vere til stor ulempe for allmenne interesser. Dette gjeld spesielt fordi utbyggingsområdet ligg i innfallsporten til Stølsheimen som nasjonalt friluftsområde og landskapsvernområde. Vi rår i frå at det vert gjeve konsesjon for reguleringa av Breidalselva. Reguleringa av Trolleholselva kan akseptast, med nokre justeringar. Inntaket i Trolleholselva bør flyttast noko nedstrøms for å redusere tap av INON. Vi tilrår vidare å flytte kraftverksavlaupet til ovanfor vandringshinderet for anadrom fisk. Minstevassføringa bør minst vere på nivå med 5-persentilen høvesvis sommar og vinter av omsyn til biologisk mangfald, inkludert anadrom fisk dersom avlaupet ikkje vert flytta oppstrøms vandringshinderet, og landskaps- og friluftsiinteressene. Det må vidare gjerast nødvendige tiltak for å unngå gassovermetting i avlaupsvatnet frå kraftstasjonen, av omsyn til anadrom fisk.

Beredskapsfaglege vurderingar

Vi kan ikkje sjå at det er gjort ein analyse av risiko og sårbarheit for den planlagde utbygginga. Flaum er omtalt i konsesjonssøknaden, men det er ikkje skrive noko om skredfare. Kraftstasjonen er tenkt plassert i eit område som i følgje www.skrednett.no kan vere eit potensielt utlaupsområde for både stein- og snøskred. Vegar og annan infrastruktur knytt til kraftproduksjonen vil òg liggje i potensielt utsette område. Vi meiner at skredfaren bør avklarast før det vert gitt konsesjon, slik at utbygginga kan skje på ein måte som gjer anlegget minst mogleg sårbar.

Bygging av kraftverket føreset at linjenettet i området vert utbetra og forsterka, og det er tidlegare søkt om konsesjon for dette. Vi saknar ein omtale av om, og eventuelt korleis, den nye produksjonen og nettutbygginga vil kunne gi verknader for kraftforsyningstryggleiken lokalt/regionalt.

Med helsing

Nils Erling Yndesdal
fylkesmiljøvernsjef

Eyvin Søltnæs
senioringeniør

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Kopi pr. e-post: Småkraft AS
Høyanger kommune
Sogn og Fjordane fylkeskommune
Stølsheimen verneområdestyre v/forvaltar Anbjørg Nornes